

**NAVN**

Emil Øvretveit

**E-POST**

emilovr@uio.no

**HVA STILLER DU TIL**

Leder

**ALDER**

21

**STUDIETPROGRAM**

Spansk (Årsenhet)

**LISTE-/SU-TILHØRIGHET**

Grønn liste (GL)

**HVORFOR ØNSKER DU Å STILLE TIL VALG?**

Som sittende nestleiar og kommunikasjonsansvarleg har eg det siste året fått æra av å vere tillitsvald for studentane på UiO. Det har vore ein fryd å få bruke mi erfaring og mitt engasjement for å arbeide for ein betre studiekvardag, for eit deltakande studentdemokrati og eit levande studentliv. Å sjå resultatane av kva me har arbeidd for i eitt år no er kjempemotiverande. Det er difor eg med stor glede eg kan seie at eg stiller til leiar for den komande perioden. Som studentleiar og tillitsvald vil eg vere tydeleg og handlegraftig. Me skal arbeide for endå fleire gjennomslag, vere endå meir synlege – og deltakinga i Studentvalet skal fortsetta opp. Difor ynskjer eg å stille til val, og til leiar av Studentparlamentet.

**HVILKEN RELEVANT ERFARING OG HVILKE EGENSKAPER GJØR DEG EGNET TIL VERVET?**

Grunnlaget for alt me gjer som organisasjon, er at me fungerer som eit lag. Etter eit år som nestleiar har eg tileigna meg viktige erfaringar med arbeidet til arbeidsutvalet, Studentparlamentet og rolla som tillitsvald for studentane. Den kontinuiteten er essensiell i den komande perioden.

Som leiar, veit eg at eg har dei naudsynte eigenskapane. Med brei organisatorisk erfaring, medietrening og politisk kunnskap er eg godt førebudd. Samstundes, er eit avgjerande aspekt ved vårt arbeid det å vere synlege. Studentane må kjenna sine representantar, og avstanden må vere kort. Min sosiale og engasjerte karakter gjer meg ein vesentleg fordel som studentleiar. Studentane skal veta kven me er, og kva me gjer.

**HVILKE UTFORDRINGER SER DU FOR DEG AT VERVET VIL INNEBÆRE?**

Det er ei stor ære å få leia Studentparlamentet, men det er ogso eit ansvar. Grunnlaget for kva me får til, og min viktigaste jobb som leiar, er at medlemmane i arbeidsutvalet har forutsetnaden til å gjere ein god jobb. Då er det viktig at me i utvalet trivast med kvarandre og trivast med det dei gjer. Som leiar skal ein ogso balansera ulike interesser og behov. Det krev at ein som leiar lyttar aktivt og jobbar for inkluderande løysningar.

**HVILKE SAKER BRENNER DU FOR?**

Alle saman! Denne perioden har me løfta fram mange viktige saker, som tilgang på mensprodukt, studieavgift for internasjonale studentar, og vår støtte til det palestinske folket.

Eg brenn spesielt for vår synlegheit og avstanden mellom studentane og Studentparlamentet. Det er avgjerande at studentane ser oss som relevante for å auke engasjementet i studentdemokratiet og deltakinga i Studentvalet. Trass i at alle får melding om valet – til og med to gonger – vel dei fleste å ikkje stemme. Nyskapande tiltak som tulledebatt, musikkbingo på Neuf under valet, og ikkje minst dassavisa, har vore suksessfulle måtar å nå ut på som aldri før. Me må halde fram med slik for å fremje deltaking og oppnå politiske gjennomslag.